

Til ordførar og kommunedirektør

## **Vedkjem Rosendal tannhelseklinikk**

Vi er kjende med at strukturplan for tannklinikkar i Vestland Fylkeskommune er under revisjon. Dette ligg under avdeling strategisk utvikling. Plan for Folkehelse er på høyring med frist 14.01.2022.

Rosendal tannhelseklinikk er der føreslege nedlagt.

Området der Rosendal tannhelseklinikk ligg, er også under detaljregulering i kommunen og tenkt til bl.a. omsorgsbustader. Klinikken er også derfor nedleggingstrua. Men klinikken har leigeavtale framover så lenge eigar / Fylkestannlegen ynskjer å driva.

Eldrerådet har ved fleire høve etterspurt status på framlegget om nedlegging av tannklinikken i Rosendal. Første gong i 2015, seinare i 2018 for då å støtta helselaga i Rosendal, Seimsfoss, Løfalstrand og Omvikdalen Bygdekvinnelag sin protest mot nedleggingsframlegget. Ordføraren tok også då saka opp med Fylkestannlegen for å få omgjort framlegget.

I følgje Fylkestannlegen er ikkje den gamle klinikken eigna for ny drift.

Eldrerådet si meining er at klinikken bør flyttast til Rosendalstunet, og på sikt også ta med helsesenteret frå Rådhuset dit.

*God tannhelse for dei eldre er svært viktig. Det å halda tenna reine er viktig for å unngå soppinfeksjonar, betennelse i tannkjøttet, infeksjonar i munnhola og hol i tenna. Dårlig tannhygiene kan også forårsake bakteriar spreidd til resten av kroppen som bakteriebelegg i luftveiene, og på den måten vere årsak til lungebetennelse.*

*Men godt tannstell krev blant anna finmotorikk, godt syn og muskelstyrke nok til å reingjere tenna sjølv. Dermed er det ikkje alltid enkelt for den sjuke eller eldre å klare dette. Nokre pasientar vegrar seg også for å få hjelp, for eksempel pasientar med demens og kognitiv svikt. Desse kan ha ulik grad av nedsett funksjonsnivå når det gjelder hukommelse, merksemd, konsentrasjon og evne til planlegging.*

*Avdelingssjukepleiarane skal ha ansvaret for tannstellet og munnhygienen på sjukeheimen i det daglege, men det er som regel pleiepersonellet som utfører det i praksis. Tannpleier frå den offentlege tannhelsetenesten gjer oftast ei undersøking av bebuarane ein til to gonger i året. Om det er meir akutt, vert tannlege tilkalla.*

- Omlag 70 bebuarar på Rosendalstunet har avtale om tannbehandling ved klinikken, og vert tannklinikken i Rosendal lagt ned, må desse ha taxi til Husnes, ofte med følgje.

Det kan ikkje vera berekraftig, korkje menneskeleg eller økonomisk å køyra 70 pasientar frå Rosendalstunet til klinikken på Husnes. Det vert dyrt og ressurskrevjande, og det vil utsetja dårlege sjukeheimspasientar for store påkjenningar, i staden for å oppsøkje ein tannklinikkk på Rosendalstunet.

Tannklinikkk på Rosendalstunet vil formalisera eit nærare samarbeid mellom fagpersonalet i tannhelsetenesta og omsorg- og pleiepersonalet. Både tannhelsetenesta og omsorg- og pleie personalet sluttar seg til framlegget om å flytta klinikken til Rosendalstunet. Der er ledig lokal, og det er lett tilgjengeleg for alle.

- Tannklinikken har også avtalar med mange born og vaksne. Ved ei flytting til Husnes må born med føresette vera borte frå skule og arbeidsplass i fleire timar, og kanskje ein heile dagar.
- Dei 28 bebuarane på avdeling rus- og psykiatrisk omsorg i Rosendal, som også har avtale ved klinikken, må og fraktast til Husnes med følgje. Noko som medfører både transportkostnader og arbeidstid.

***Eldrerådet ber ordførar/administrasjon ta opp med Fylkestannlegen via Statsforvaltaren avd. for Strategisk utvikling for å finna ei framtidig etablering av Rosendal tannklinikkk på Rosendalstunet.***

for Eldrerådet

Vidar Ask

leiar

